


# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 2 — februar 1974.  
7. årg.



## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: *Sokneråda i Arna*

Redaktør: *Ingvar Fykse, Ytre Arna*

Redaksjonsnemnd: *Helge Hitland, Knut Brakestad  
Harald Haugsvær, Gunlaug Bøyum*

Forretningsfører: *Monrad Ulvesæther, Indre Arna*

Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

## ARNA PRESTEGJELD

### Sokneprestkontoret, Indre Arna:

Kontortid tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00—11.30.  
Torsdag kl. 17.30—19.00. Telefon 24 04 00.

### Res. kap. kontoret, Ytre Arna:

Kontortid torsdag kl. 17.30—19.00. Fredag kl. 10.00  
11.30, tlf. 24 13 25.

### Adresser og telefonar:

Fung. sokneprest Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre  
Arna, tlf. 24 13 25.

Fung. res. kap. Helge Hitland, Høgatun 16, Indre  
Arna, tlf 24 09 65.

Diakonklokke Thor Storerud, Høgatun 8, Indre Arna,  
tlf. 24 03 42.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna,  
tlf. 24 16 06.

Kyrkjetenar Monrad Ulvesæther, tlf. 24 07 39, tirsdag  
og torsdag 17.00—18.00, onsdag og fredag 10.00—11.00.

Gravar Emil Dølset, Indre Arna, tlf. 24 05 69.

Organist Anker Rønhovde, Ytre Arna, tlf. 24 11 39.

Kyrkjetenar Eirik Arne, Ytre Arna, tlf. 24 12 30.

## ORDET

*Ordet, talen er mennesket sitt adelsmerke. Med ORDET meddeler vi andre våre tankar, våre meiningar, våre kjensler.*

*Med ordet skapar vi kontakt og samfunn med andre menneske, med ordet kan vi bryte kontakten, stengje andre ute. Ordet skapar fred, ordet skapar strid, det sameinar og det splittar.*

*Ordet ber i seg store vilkår til godt og vondt. Det fører med seg eit ansvar som svarar til dette.*

*Ordet kan misbrukast på mange måtar. Det eine er det ureflekterte, tankelause snakket. Eit lite ord sagt i tankeløyse, i uforstand, Kor det svei, kor det såra, kor det gjorde ulukkeleg!*

*Men det hender også det går ord over leppene våre som rett ut har vonde føremål. Ord som er sagt for å skade. Eller i alle fall hadde det evna til å setje sladderer i gang. Eit lite vondt ord, kor mykje kan det ikkje vinda på seg, kor mykje skade kan det ikkje utretta! — Sjå ein liten eld, kor stor skog han kan setje i brann —. Jak. 3,5.*

*Gud oppfordrar oss til å gje akt på verknadane av det vi let gå over tunga. Dinest å gje akt på det gode vi kan utrette med vår tale. Gjennom våre ord har Gud gjeve oss vilkår for og dermed i oppgåve å spreie lys og varme, trøyst og oppmuntring til våre medmenneske. Med vår tunge har vi også fått evne til å prise hans namn. Med våre ord skal vi få lov å avspegle noko av Guds kjærleik og omsorg for alle menneske.*

*Kven har ikkje opplevd korleis eit venleg smil og eit godt ord kan setje farge og fest på heile dagen? Men også kor eit grettent svar eller eit uhøfleg ord kasta skugge over meg og gjer dagen til ei bær!*

*Men dette er ikkje alt. Det gode fører meir godt med seg, det vonde ynglar vondt. Fekk eg glede og oppmuntre nokon, ville dei sikkert også kunna bere glede vidare og oppmuntre sine medmenneske. Øydela eg dagen for nokon, kor lett er det ikkje då at den som eg gjorde det for, i sin tur ville la det gå ut over sine medmenneske!*

*Korleis brukar vi vår tunge, våre ord?*

*Her er kanskje ein tanke til ettertanke!*

*Ingvar Fykse*

# Ei rik teneste mellom gamle og sjuke!



Vi møtte han heime i kjellaren. Han la siste handa på ei dokkevogge. Den skulle ei barneforening ning lodde ut. Inntekta skulle gå til misjonen.

Diakonklokkaren vår er ein lun og koseleg kar som likar å ha noko å putle med på fritida. Han har laga gyngestolar og lastebilar. Han driv med rosemaling også. Men det er noko han har lært seg etter han kom til Arna. Men han er ikkje telemarking for ingen ting.

Thor Storerud skal drage frå Arna no. Han skal begynne som oversjukepleiar på ein epileptikarheim på Hadeland.

— Det er både med glede og vemod vi dreg her i frå. Vi gler oss til den nye tenesta. Men vi kjem til å savne Arne kyrkjelyd. Her har vi fått oss mange gode vener. Vi har kosa oss heile tida vi har vore her. Samarbeidet i kyrkja har vore det aller beste. Det har vore ei rik tid vi ikkje ville vore forutan.

— Kan du fortelje litt om kva ein kyrkjelydsdiakon gjer?

— Oppgåvene er mange og varierende. Storparten av tida mi har gått med til heimesjukepleie. Eg reiser heim til sjuke menneske og steller dei. Eg vaskar og bader dei, ja det hender at eg også set

klyster. Så pratar vi saman. Dei har ofte mykje å fortelje. Det er viktig at vi hjelper sjuke menneske. Dei kan ofte ha det svært vondt. Men det viktigaste er nå tross alt at vi gir dei noko å leve på. Derfor les vi også frå Bibelen og ber saman. — Er det berre sjuke menneske du besøker?

— Nei, det er det ikkje, sjøl om mesteparten ofte er sjuke og hjelpelause. Mange gamle og einsame har eg og besøkt. Og du kan tru eg har hatt mange rike stunder. Dei har gitt meg mykje både av skjemt og alvor desse gamle. Dei vert glade for å få besøk, men eg vert også glad.

— Korleis tar dei imot deg når du kjem?

— Mange gonger kjem eg uventa, men eg er alltid velkommen. Er det sjuke folk i huset, veit det kvifor eg kjem. Men det hender eg lyt forklare kven eg er og kvifor eg kjem. Eg er aldri vorten avvist. Når eg no dreg avgarde, så vil eg ofte tenkje tilbake på tida i Arna. Eg har møtt kyrkjelyden i ulike situasjonar. I glede og i sorg. Kanskje det gildaste har vore samlingane i kyrkja. Dette å få møte kyrkjelyden i tilbeding og lovsong har vore givande.

— Er det ikkje noko ved tenesta du kunne tenkt deg annleis?

— Det eg har like minst er alle desse bryllaupa. Ikkje misforstå meg no. Det er klart det er gildt å møte glade menneske. Men eg har stundom følt på at det å for-

telje festlyden kva salmar vi skal synge, ikkje alltid har vore beste måten å nytta tida på. Ein treng vel ikkje vere diakon for å opplyse om salmenummer. Men dette som eg no har sagt er no tross alt berre ein bagatell.

— Har du noko du vil seia kyrkjelyden no på fallrepet?

— Takk for hjelp i tenesta og takk for forbøn. Og til alle dykk som vil gjere ei teneste i Guds rike: Gløym ikkje dei gamle og einsame.



## Arna prestegjeld 1973

Utdrag frå årsstatistikken.

### A) Prestearbeidet

Gudstenester, ordinære .....	88
Gudstenester, ekstra-ordinære .....	25
Sjukevitjingar .....	107
Husvitjingar .....	98
Anstaltvitjingar .....	50
Skulevitjingar .....	22

### B) Frå kyrkjebøkene

Fødde .....	248
Døypte .....	214
Konfirmerte .....	210
Ekteskap m/kyrkjeleg vigsle ..	60
Nattverdgjester .....	1622
Avlidne .....	77
Innmelde i kyrkja .....	1
Utmelde or kyrkja .....	13
Innkome ved offer og kollekt i kyrkjene .....	kr. 49.562,48

# UNGE HJEM — et tilbud som burde interessere

Hva er UNGE HJEM? Det er en bevegelse som er sprunget fram av et behov hos yngre ektepar for å belyse og drøfte felles problemer på kristen grunn.

Unge Hjem vil gi faglig orientering og innby til samtale om aktuelle spørsmål som angår forlovelsestiden og ekteskapet, familiens oppgaver og oppdrageransvaret.

Unge Hjem er en «bevegelse», ingen organisasjon. Det vil si: Unge Hjem er menighetens arbeidsformer, som ønsker å gi en spesiell aldersgruppe et forum for gjennomtenking og debatt av nære problemer, og gi en kristen belysning av disse.

Hvorledes arbeider Unge Hjem? Ved foredragskvelder ofte med samtaler, film, små situasjonsspill o.l.

Ved panelsamtaler om aktuelle emner innen familiesektoren eller nærliggende felt.

Ved kurskvelder. Kursopplegg strekker seg vanligvis over flere uker med en kveld i uke. Forskjellige sider ved ekteskap, familie og oppdragelse belyses ved forelesninger, ofte tilknyttet gruppearbeid og plenumsdebatt.

Hvem er med i Unge Hjem? Unge Hjem er åpent for alle forlovede, unge ektepar og foreldre som ennå ikke har barn i konfirmasjonsalderen, også enslige foreldre.

Alle ektefolk og forlovede er interessert i familiespørsmål. Derfor finner så mange veien til Unge Hjems arrangementer. Folk med de for-

skjelligste oppfatninger og med ulike erfaringsbakgrunn møtes her og samtalen er ganske livlig og frisk.

Hvor finner vi Unge Hjem? På Haukeland har slikt arbeid vært i gang en tid. En komite bestående av unge ektefolk har tilrettelagt samværene som har vært i Haukeland gamle skole. Møtene bekjentgjøres ved oppslag og ved flygesedler. Kontaktmann for Unge Hjem på Haukeland er Harald Haugsvær, telefon: 240815.

Også på Indre Arna har det vært i gang Unge Hjems arbeid. Og dette arbeidet vil fortsette også der. Kontaktmann for Indre Arna er Helge Hitland, telefon: 240965.

Er ikke dette et tilbud som burde interessere? Neste gang du ser det arrangeres Unge Hjems møte, da må også du bli med!

hh.

## Årsmøte i Arna Helselag

vert halde på Arna kafe, Indre Arna, fredag 22. mars kl. 1900.

Vanlege årsmøtesaker.  
Servering.

Direktør Olav Eriksen i  
Norsk Kollektiv Pensjons-  
kasse held foredrag om  
eldreomsorga.

**VELKOMEN**

# Aksjon JA TIL LIVET

Flere kristelige organisasjoner innen vår kirke har startet opp en landsomfattende aksjon, kalt JA TIL LIVET. Aksjonen går ut på å fremheve hvordan det kristne synet på mennesket og moralen er livsbejaende og å påvise hvor livsfornektende og fornedrende moderne seksualisme er.

Seksuallivet er en vesenlig del av vårt liv. Men får det være det som Gud mente det skulle være? Gud skapte oss som mann og kvinne. Tiltrekningen mellom kjønnene skulle være som et smil i livet vårt og foreningen som en ren og vakker gave.

Hvorfor tør vi ikke snakke åpent om dette? Selvsagt fordi noe så fint og vart i oss vil være beskyttet av vår blyghet. Men kan ikke en misforstått blyghet føre til overdreven fortieelse og snerpethet? Når hysj! og fy! er det eneste som blir sagt om vårt seksualliv, ligger muligheten åpen for forvirring. Det primitive i oss kan få fritt spillerom og resultere i overdreven sexdyrkelse. Det skaper ingen frigjøring og løser ikke menneskenes problemer.

Det er nødvendig å åpne øynene for ansvaret og med tydelige ord si hva Gud egentlig har ment med å skape oss som kvinne og mann. Askjonen JA TIL LIVET mener å hjelpe oss til å se forskjellen på det som vi kan si et fulltonende JA til — og det som vi nødvendigvis må si et tydelig NEI til.

Det vi kan si JA til er det som

samler vår personlighet i helhjertet hengivenhet. Det vi må si NEI til er det som splitter vår personlighet, avstumper følelseslivet og nedvurderer ansvarfølelse, troskap og ekte kjærlighet.

*Eli Mohn*

## Bibelselskapet

Fra og med torsdag den 7. februar vil studiesekretær Helge M. Haaland i Bibelselskapet få en fast konnag på bispedømmerrådskontoret i Olav Kyrres gt. 31. Kontortiden blir hver torsdag fra kl. 10—15.

Hensikten med denne kontordag er i første rekke å kunne yte større hjelp til menigheter og andre interesserte når det gjelder:

- Bibelgruppearbeid
- Orientering om materiell og støtteordninger fra Studierådet
- Orientering om ulike gruppeformer.

Jeg håper at også dette kan være med til å stimulere flere til å starte og være med i en studiegruppe (bibelgruppe). Mange kan ha lyst til å komme i gang med en gruppe, men er usikre på hvordan en skal gå fram. En slik gruppe er for folk i alle aldre. Og alle trenger hjelp til å trenge dypere inn i Guds ord.

Kontakt studiesekretær Haaland på bispedømmerrådskontoret, eller ring og avtal tid til samtale tlf. 216231 eller privat tlf. 180882.

Med vennlig hilsen

**HANS HØIVIK**

*sign.*

## Er det så gale å banna?

Mange mennesker brukar banningsord i talen sin. Somme er så vane med dette at dei knapt kan seia ei setning utan å ty til slike ord. Banning synes å vera «vanleg god tale» i visse miljø. Dei vaksne viser føre, og ungdommen og borna tar villig etter. Ein undrast stundom om det ikkje har auka på med denne «uvanen» i seinare år. For ein uvane er det for mange. Spør ein kvifor dei brukar slike ord, svarar dei berre at det er blitt til ein vane for dei. Men kanskje er det nett det som er så fårleg. Vi brukar ord og uttrykk utan å vita kva som ligg i desse.

Når vaksne brukar banningsord, reagerar ein oftast ikkje så mykje. Men når småe born strør om seg med slike ord, kvepp ein til. Deira omgangskrets er oftast ikkje så stor, så ofte kan ein lett finna fram til kor dei har lært slike ord og uttrykk. Mange lærer det i sin egen heim. Men har då foreldra gløymt kva dei lova då dei bar barnet sitt til dåpen?

Der lovar ein «å hjelpa til at barnet får oppseding i tru og gudlegdom, så det må verta verande hjå Kristus når det veks opp, liksom det i dåpen er innpota i han.»

Men er det no så gale å banna? Gud har gitt oss eit bod om dette: «Du skal ikkje misbruka Guds namn.» I forklaringa til dette bodet seier Luther: «Vi skal

ottast og elska Gud, så vi ikkje brukar namnet hans til å banna og sverja, men kallar på Gud i all naud, ber, lovar og takkar.»

Bak kvart namn står den som ber namnet. Bak Guds namn står Gud, og han tillet ikkje at vi misbrukar namnet hans. Om dette seier Bibelen: «Herren vil ikkje halda den uskuldeige som misbrukar namnet hans.» (2. Mos. 20. 7.)

Når vi brukar Guds namn i tankeløysa utan å meina noko med det, så krenkjer vi den heilage Gud. For Gud vil vi berre skal bruka namnet hans når vi vil han noko, anten dette blir når vi vender oss til han i vår hjelpe-løyse, eller når vi ber fram våre bønner og vår lovprising.

Men no er det så visst ikkje Guds namn som oftast vert nemnt når folk bannar. Oftare er det Satan sitt namn i sine mange variasjonar folk strør om seg med. Da gjer vi vel i å hugsa på at Bibelen reknar med Satan som ein realitet. Han er far for all ondskap. Det er såleis fyrsten for ondskapens ånde her vi kallar til oss når vi ropar på Satan. Går dette opp for oss, vil vi sikkert vera meir varsame med kva tale vi fører.

Lat oss til slutt ta med: Gud er glad i oss jamvel om vi bannar! Gud elsker syndaren, men ikkje synda. Og han tilbyr alle syndeforlating.

hh.

## BRUK BIBELEN BETRE

Å halda ein årleg bibeldag er ikkje nokon særnorsk skikk, men er vel kjend i mange land. Bibeldagen 1974 er lagd til søndag 17. februar — «såmannssundag», og mottoet for dagen er: **BRUK BIBELEN BETRE!**

Trenger vi en slik oppfordring? Utan tvil — og i dobbel mening.

Mottoet minner oss for det fyrste om den daglege bibellesinga, som kan gje oss hjelp og kraft på veggen.

Men det minner oss og om en oppgåve kvar bibellesar har: Gjev Ordet vidare!

Meininga med Bibeldagen 1974 er at vi kvar einskild, skal få meir hug til å lesa Bibelen. Då brukar vi Bibelen betre! Men dagen gjev og ein appell om det ansvar vi har for å gje Ordet til andre. Då brukar vi Bibelen endå betre!

# Hvordan kan vi BRUKE BIBELEN BEDRE?

En kan gjøre forskjellige erfaringer når det gjelder å bruke Bibelen. Vi har spurt noen kjente menn og kvinner om hvordan de ser på spørsmålet, og her er svarene.

## Sokneprest Sigurd Lunde:

Jeg vil si fire ting om dette:

- Bruk den regelmessig.
- Søk opplysning om de forskjellige skriftene.
- Les i sammenheng.
- Gjør etter det du leser!

## Liv Nordhaug, formann i Norges

### KUFUK:

— Ut av tvil og forvirring kommer vi ikke med tankestrev. Men i bønn og stillhet kan vi daglig møte Gud i hans ord. Da skapes troen. Da opplever vi underet.

## Redaktør, pastor Kaare Lunde:

Skulle jeg gi et ord til en nybegynner, ville jeg ut fra egen erfaring si:

— Jeg ville skaffe meg et enkelt evangelium i særtrykk. Hele Bibelen kan virke uoverkommelig, men et evangelium er ikke uoverkommelig. Det kan du få for en krone eller to, og det kan du lese på entime eller to.


## Biskop Dagfinn Hauge:

— Bibelen er et helt bibliotek på 66

bøker og kan følgelig gi kunnskap om mange ting. Men hovedanliggenheten er å la oss vite om Gud og den han sendte, Jesus Kristus. Å bruke Bibelen rett vil si å lete etter Jesus i det man leser. Bibelen brukes bedre jo mer jeg innretter meg etter det den sier om Jesus og hans evige vilje.

## Georg Hille, Kirkerådets daglige leder:

— Bibelen er den ubegrensede mulighet i menigheters og kristenmenneskers liv. Men vi utnytter bare en brøkdel av dens kapasitet. Vi må bruke den med oppfinnsomhet, pågåenhet, tålmodighet, ettertenksomhet og bønn! Slik kan Bibelen komme i gang blant oss — og det blir spennende å bruke den!



# Familieside



## ARNA SOKN

### DØYPTTE:

- 19/1 Nina, for.: Rune Heimark—Unni Helen, f. Hansen.  
19/1 Trude, for.: Svein Arne Myklebust—Gunvor Margrethe, f. Arnesen.  
26/1 Stian, for.: Rolf Kippersund—Margun Helene, f. Sandvik.  
26/1 Harald, for.: Peder Johan Aasheim—Borghild, f. Raknerud.  
26/1 Merete, for.: Øivind Helland—Liv, f. Fjeldstad.  
26/1 Irene, for.: Trond Solberg—Ruth Marny, f. Matre.  
27/1 Tore Andre, for.: Andreas Fosse—Marit, f. Minde.  
27/1 Jan Tore, for.: Magnar Anders Tveranger—Anne Karin, f. Kleiveland.  
27/1 Anine, for.: John Terje Simonsen—Lill-Mari, f. Solheim.  
3/2 Anita-Helen, for.: Harry Konrad Olsen—Olga Alise, f. Berentzen  
3/2 Hilde Cathrine, for.: Frode Furset—Åse, f. Andersen.  
3/2 Trine, for.: Terje Thunes—Mariann, f. Vik.  
9/2 Kjetil, for.: Erling Petersen—Joruan Irene, f. Jensen.  
9/2 Merete, for.: John Arvid Kloster—Solveig Konstanse, f. Bakke.  
10/2 Turid, for.: Bjørn Ove Eliassen—Ingeborg, f. Dahl.  
10/2 Tore, for.: Tor Alf Hartmann Vareberg—Ingrid, f. Netland.  
10/2 Ingrid og Marit, for.: Magne Hauge Skartveit—Reidun, f. Bruvik.

### Vigde:

- 19/1 Alf Einar Holdhus og Aud Kvam.  
26/1 Magne Olav Mjøs og Sonja Helena Skjoldal.  
9/2 Martin Hjelle og Ingunn Nøkling.

### Avlidne:

- 11/1 Johannes Knutsen Borge, f. 1902.  
12/1 Andreas Skulstad, f. 1894.  
19/1 Julius Martin Sivertsen, f. 1891.  
27/1 Svein Torghils Aksdal, f. 1893.  
2/2 Oliva Maria Karina J. Borge, f. 1886.

## YTRE ARNA SOKN

### Døyppte:

- 19/1 Linda, for.: Reidar Aasheim—Kari, f. Valestrand (Arna).

# Familieside



26/1 Anne Mette, for.: Knut Edmund Einmo—Reidun, f. Skulstad (Arna).

26/1 Jan Yngve, for.: Jan Georg Blomdal—Ingunn, f. Henriksen (Arna).

10/2 Jan, for.: John Sigvart Dyndal—Marit, f. Revheim.

*Vigde:*

9/2 Norvald Kleppe og Ragnhild Endresen (Arna).

*Avlidne:*

12/1 Ingeborg Henriette Blindheim, f. 1903.

28/1 Jacob Helland, f. 1886.



## Barneparkering i Kirketiden

Fra og med søndag 10. februar er det startet barneparkering i kirketiden kl. 10.45—12.45.

Barneparkeringen er i Daghjemmet, Indre Arna, og den gjelder for barn som ikke kan medtas i kirken.

Vi ber foreldre om å merke barnas yttertøy så vi slipper forveksling. Barna vil få benytte lekene som tilhører Daghjemmet, og bør ikke ha med egne leker.

Vi ser helst at vi slipper å stelle og mate babyer, men er det nødvendig må fullt utstyr medbringes hjemmefra.

Personalet er frivillige foreldre og piker fra ungdomsklubben «Trefen».

Vi håper at mange vil benytte seg av tilbudet, og ønsker vel møtt.

*For komiteen: Wenche Johnsen.*

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

## « F O K U S »

**Espeland**

(Lone Landhandel)

Hele bygdas lavprisbutikk.

Manuell kjøttvareavdeling  
med nye knalltilbud hver uke.  
(Middagspølse i metervis.)

På sykkel, bil eller buss, ikke stuss, legg turen  
direkte til «Fokus».

**OBS. Torsdag åpent til kl. 19.00.**



Vår mann i Arna

## KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,  
og står til tjeneste med råd og veiledning.

### Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 24 15 32

## SKAL DET VERA

markiser, persiener og rullegardiner i mange vakre fargar,  
så vend Dykk til meg. Eg har også flaggstenger, skyvestigar,  
enkle stigar med flate trinn og kletørkestativ som eg sel di-  
rekte frå fabrikk. Difor rimelege prisar.

Ring meg, og eg kjem og tek mål og gjev pris.

### Magnus Borge

5233 Haukeland — Telefon 24 00 21

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR OTTO HAUKELAND**

FORSIKRINGS-AKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSSELSKAPET  
**VESTA HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 24 07 00

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

## ARNA PRIVATBANK

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**



# Velkommen til kyrkje

## PREIKELISTE FOR ARNA

- 3/3 Arna: res. kap. Hitland. Nattverd.  
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse. Nattverd.  
Per Sæle vert innsett som klokkar. Kyrkjekaffi.
- 10/3 Arna: Familiegudsteneste ved fung. res. kap. Hitland.
- 17/3 Arna: fung. sokneprest Fykse. Nattverd.  
Kl. 1900 ungdomsgudsteneste ved Fykse.
- 24/3 Arna: sjømannsprest Andreas Masvie. Stemmegudsteneste i forbindelse med Sjømannsmisjonens dag i Arna og Osterøy.  
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse.  
Kl. 1900: ungdomsgudsteneste ved Hitland.  
Tren gereid: fung. res. kap. Hitland.
- 3/3 Arna: sokneprest Tesdal. Vitjing frå Menighetsfakultetet.  
Ytre Arna: fung. sokneprest Fykse.

## FASTEGUDSTENESTER

- 6/3 Arna: kl. 1930 ved fung. res. kap. Hitland.  
Ytre Arna: kl. 1930 ved fung. sokneprest Fykse.  
Gudstenesta vert skipa til saman med NLM som då har offerveke i Ytre Arna.
- 14/3 Arna: kl. 1930 ved fung. sokneprest Fykse.  
Ytre Arna: kl. 1930 ved fung. res. kap. Hitland.
- 20/3 Arna: kl. 1930 ved fung. res. kap. Hitland.  
Ytre Arna: kl. 1930 ved fung. sokneprest Fykse.
- 28/3 Arna: kl. 1930 ved fung. sokneprest Fykse.  
Ytre Arna: kl. 1930 ved fung. res. kap. Hitland.
- 4/4 Arna: kl. 1930 pasjonsgudsteneste for ungdom ved fung. res. kap. Hitland og kateket Haugsvær.

## VARETRANSPORT

Opprydding — bortkjøring

**BERG ANDREASSEN, Ytre Arna**

Tlf. 240864 / 240956